



Frå restaureringa av Tveitloftet, Kviteseid Bygdetun september 2014

# Årsmelding for Vest-Telemark Museum 2014

- Økonomiske stoda
- Overordna mål og føremål
- Langsiktige mål og strategiar
- Årsrapport 2014
- Kommentar til rekneskap og balanse
- Budsjettframlegg 2016 – nye tiltak

Vedlegg revidert rekneskap 2014, arbeidsbudsjett 2015 og budsjettsøknad 2016

## Økonomiske stoda

Årsrekneskapen er revidert og viser ei drift i hovudsak i tråd med budsjett og driftsplan, og viser eit negativt resultat på kr.70.198.-. Underskotet vert dekt frå eigenkapitalen. Dei faste offentlege driftstilskot kjem inn som budsjettert, og utgjorde i 2014 66,3 % av samla inntekter, mot 62,8% i 2013 og 63,1 % i 2012. Av dei offentlege tilskotta utgjorde statleg bidrag 53,8 %, medan fylke og kommunar bidreg med høvesvis 25,6 og 20,6 %.

Vidare styrking av eigeninntektene for å sikre driftsgrunnlag og vidare utvikling av museet er prioritert. Budsjettmål var kr. 4.200', medan resultat viser kr. 3.771'. Ein svak sommarsesong er hovudårsak. Nedgangen på besøkande i høgsesong var på heile 17,8 %, då me elles har hovudvolum av vårt besøkande.

Salsutviklinga er negativ for alle typer sal. Nedgangen på mat er 2,8 %, billetter 2,9 % og suvenir på 16,9 %. Boksålet gjekk ned med over 56%, men dette var særskild sidan ein ikkje hadde noko særskild utgjeving for sal bortsett frå teikneserien om eidsvollsmannen Huvestad. Arbeidet for betre bruttoforteneste på mat og suvenir gav dette året monaleg betre resultat, og denne vart vidare forbetra frå 46,4 % til 51,7%. Ein har slik allereie klara målsetjinga ein sette for dette. Ukurant varelager er også ytterlegare nedskrive.

Eksternt finansierte prosjekt gjekk ein god del attende samanlikna med 2013, som elles var eit godt år. For 2014 kunne ein inntektsføre 1.420' som svarar ein nedgang på 20% samanlikna med året før. Gjennom prosjekta fekk ein utført viktig utviklingsarbeid og styrkt organisasjonen, og dei styrker også museets relevans og samfunnsrolle.

Personalkostnadane auka frå 2013 med 9,8%, og utgjorde i 2014 59,5 % av samla ramme mot 52,5 og 55,8 % i dei to føregåande år. I tillegg er om lag 0,8 årsverk knytt til prosjektet aktivitetsparken og aktivert i dette prosjektet. Eit årsverk er finansiert gjennom privatarkivprosjektet. Det vart frå oktober 2014 gjort monalege innsparingar på personal gjennom ny forretningsplan for kjøkendrifta og innsparing i bemanning knytt til opningstider for Norsk Skieventyr og VTM Eidsborg.

I høve til likviditet har drifta balansert dei siste år, og det har ikkje vore trong for å ta opp driftskreditt.

Med resultatet for 2014 er den frie eigenkapitalen til stiftinga kr. 833.273 mot kr.974.060,- i 2013. Styret og leiinga ved museet har fokus på eigenkapitalen i det vidare budsjettarbeidet. Ein vurderer økonomistyringa som god.

Styret vurderer føresetnadane for det statlege tilskottet som oppfylte.

## Overordna mål og føremål

### Hovudmål 2015-2017

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal sikre eit stabilt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod med vekt på kunstnarleg og fagleg kvalitet, og at materiell og immateriell kulturarv frå fortid og samtid vert bevart og gjort tilgjengeleg for ettertid.

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal stimulere til ivaretaking og nytenking ved bruk og utvikling av lokale ressursar.

Dette skal skje ved å gje kunnskap om, forståing for og oppleving av kultur- og kunsthistoria til Vest-Telemark på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samanheng og forskjell.

Vest-Telemark Museum skal

- trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.
- arbeide målretta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.
- leggje til rette for forskning og formidling i tilknytning til samlingane.
- nå ut til alle grupper med særskild vekt på barn og unge.
- halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.

## Langsiktige strategiar og planar

### Resultatmål 2015-2017

#### Drift og utvikling

- vidareutvikle NSE og VTM – Eidsborg som heilårsope museum
- arbeide for heilårsope kunstmuseum for regionen
- auke egne salsinntekter i 2016 til kr. 4,6 mill.
- styrke marknadsarbeidet og prioritere 2 % av budsjettet til dette
- styrke faglege ressursar innan formidling, vedlikehald og kjeldearbeid
- gjennomgå organisasjonsplan og ansvarsområde
- kurse og vidareutdanne personalet
- vere aktiv deltakar og utviklar av faglege nettverk
- vidareutvikle HMS/IK-planarbeidet

#### Samling

- drifte det nye fellesmagasinet med klare rutiner for mottak, prioritere flytting av samlingar og gjennomgang av registrering
  - avslutte mellombelse magasin
- rullere samlingsforvaltningsplan for VTM

## Årsmelding 2014

- gjennomføre ei restriktiv innsamling med prioritering av dei tematiske satsingsområda folkekunst og skikultur, 1900-talsmateriale og styrking av dei eksisterande temasamlingane
- gjere samlingane tilgjengeleg med DigitaltMuseum
- etablere kjeldesenter for regionen med faglege ressursar privatarkiv og fagbibliotek

### Forskning og dokumentasjon

- prioritere oppfølging av faglege førespurnader innan våre fagfelt
- stimulere til forskning innan våre fagfelt gjennom å setje av eigne ressursar og utarbeide problemstillingar for masterstudentar og andre
- vidareføre stipendordninga for forskning på kultur- og kunsthistoriske tema frå regionen
- stille våre kjelder digitalt tilgjengeleg

### Formidling

- produsere utstillingar og arrangement som stimulerer til kritisk refleksjon og skapande innsikt
- auke tilgjenge til musea med revidering opningstider og tilrettelegging for funksjonshemma
- vektlegge aktivitetsutvikling og formidling til born og unge
- vektlegge heimesida som informasjons- og formidlingskanal for museet
- prioritere aktivitetsbasert læring, auka bruk av rekvisittar og sosiale media
- utvide skuletilbodet med fleire pedagogiske opplegg
- styrke samarbeidet med DKS
- styrke opplæringa av dei sesongtilsette formidlarane, utarbeide betre ressurspermar og formalisere kurs

### Vedlikehald og sikring

- gjennomføre prioriterte vølingar antikvariske bygg og kulturlandskapstiltak
- utarbeide vedlikehaldsplan med oversyn over trong, prioriteringar og løysingar
- etablere realistisk rullering for vedlikehaldet
- styrke kompetansen innan bygningsvern
- følgje opp alarmanlegg teknisk og sikringsrutiner

## Årsrapport 2014

### Fornyning

VTM har dei seinare år vore med å gjeve regionen eit rikare, betre og meir variert museums- og kulturtilbod. Heilårstilbod på musea i Eidsborg og Morgedal har vore viktige bidrag i dette. I samband med driftsplanlegging og budsjettering vert alle verksemdsområda vurdert. Ein opplever rammene for verksemda som stramme, og ein må i alle ledd vere kostnadseffektiv og vurdere kvar ein får mest att for innsatsen. I 2014 vart tilboda justert, mellom anna med endra opningstider og redusert kafètilbod i lågsesong. Framover vil følgjande utviklingsarbeid prege vårt arbeid:

Ein er påveg inn i ei ny konsolideringsfase. Tilbodet ved einskilte einingar kan bli endra, og nye einingar kan koma til. Stiftinga Anne Grimdalens Minne har vedteke å søkje konsolidering med VTM, og det er viktige faglege argument for å innlemme også denne eininga. Ressursane som følgjer med Grimdalstunet står per i dag ikkje i forhold til kva som er naudsynt for å sikre tilstrekkeleg vedlikehald og fagleg oppfølging av samling og formidling.

Vidare er vedtekter, avtaleverk og langsiktige prioriteringar under evaluering. Mange av våre mindre einingar har sviktande lokalt engasjement, negativ besøksutvikling og utfordrande fasilitetar. Fleire av våre museumseiningar har til dels dårlege og utfordrande samlings- og formidlingsbygg. Det er ikkje innan våre rammer mogeleg å kunne ta vare på og utvikle denne bygningsmassa i takt med nye krav. Det er innleidd prosess med fleire av våre vertskommunar og eigarstiftingar om oppgradering og langsiktige prioriteringar. Nærast konkrete tiltak er Vinje Biletgalleri og Dyre Vaa samlingane. Det er både aktuelt med større vølingar av eksisterande bygg og nybygg.

Betre tilrettelagt formidling og tilbod for barn og unge er også eit prioritert utviklingsarbeid. I 2014 byrja realisering av aktivitetsområdet med modellen av Telemarkskanalen som hovudattraksjon. Det nye området vert opna for publikum sommaren 2015. Planane om utvikling av området rundt Norsk Skieventyr vart dette året også utvikla vidare.

Ei fylkesdekkande privatarkivordning er enno ikkje på plass, og i 2013 og 2014 var dette ein viktig del av utviklingsarbeidet ved VTM. Som rapportert om tidlegare har ein gjennom prosjekt bygd opp kompetanse og infrastruktur for arbeidet, og i samarbeid med Statsarkivet, Norsk Industrierbeidermuseum, Telemark Museum og fylkeskommunen har ein utarbeidd ei plan for varig organisering av arbeidet med utgangspunkt i musea. Frå fylkeskommunen kom dei fyrste faste driftsmidlane på plass frå 2015, med plan om vidare opptrapping frå neste år av. Privatarkiv er eit nytt tiltak for VTM med behov for varig auka tilskot. Tiltaket vil vere viktig for å komplettere vårt samfunnsoppdrag.

### Samarbeid

Arbeidet i våre nettverk og samarbeidspartnarar heldt fram i 2014. VTM er framleis med i USUS-nettverket (jf. vår reiselivsstrategi) Elles er våre viktigaste samarbeid med Høgskolen i Telemark, dei andre musea i fylket, Dyrsku'n, Nasjonalmuseet, Norsk Folkemuseum og Bunad og Folkedrakrådet. Av internasjonalt samarbeid vil ein trekke fram MidWest-prosjektet som VTM har ansvar for på oppdrag av fylkeskommunen. I 2014 slutta ein intensjonsavtaler med North Dakota Heritage Center og Vesterheim Museum om eit meir langsiktig samarbeid om utstillingsproduksjon og utveksling.

Vidare vart bygningsvernprosjektet i Polen (EEA Grants) avklart, der me går inn som norsk partner. Like viktige er også dei lokale nettverka med alt frå lag og foreiningar til bedrifter og ressurspersonar. Dei faglege nettverka er føresetnad for mange av prosjekta me arbeider med, og for vår faglege og organisatoriske utvikling.

### **Forvaltning**

Innan samlingsforvaltning har hovudprioritet for museet vore revisjon og sikring av eksisterande samlingar, samt utvikling av ny teneste for privatarkiv. Det vart arbeidd vidare med gjennomgang og dokumentasjon av tekstilsamlinga, spesielt i samband med opning av ny utstilling om tekstilhandverk og drakthistorie. Ei målerisamling på om lag 150 verk av kunstnarar som Mikkel Mandt, Sveinung Svalastoga og Øystein Vesaas, har vore eksternt lagra under dårlege tilhøve. Ved å ominnreie fekk me på plass ei god magasinløsning for kunst i Eidsborg, og har overført samlinga hit. Måleria vart fotografert og registreringar publisert, slik at desse kunstnarane no er godt representert på Digitalt Museum. I samband med oppgradering av utstillinga om Gunnar Utsond i Kviteseid, vart skulptursamlinga på over 60 verk registrert og gjort tilgjengeleg via DM.

Hausten 2014 gjorde samlingsavdelinga ei grundig kartlegging av samlingar og anlegg under VTM. Rapport med dokumentasjon av tilstand, bevaringstilhøve og forslag til tiltak for kvar eining vart presentert for styret. Kartlegginga har resultert i fleire strakstiltak, fortgang i dialog med eigarkommunar med ansvar for samlingsbygg, og dokumentasjonen vert utgangspunkt for vidare prioriteringar i årsplan 2015 og strategisk plan.

Gjennom prosjektet Privatarkiv Telemark har me vore aktivt med på å utvikle framlegg til ei varig organisering av arbeidet med privatarkiv i Telemark. Av konkrete ordningsprosjekt har me jobba med fleire lagsarkiv frå regionen, samt arkivet etter Norrøna fabrikk. Tilgjengeleggjering av Norrøna-arkivet er basert på eit samarbeid mellom Telemark Museum og VTM, og støtta av Norsk Kulturråd.

Sikringsarbeidet vart gjennomført etter plan med rutinar og teknisk tilsyn. Nye alarmanlegg for innbrot og brann kom på plass på Åmdals Verk Gruver og Øyfjell Bygdemuseum. Det er trong for eit større sikringsarbeid i samband med gruvevandringa på Åmdals Verk, og prosjektering av dette er i gang. Elles er det også behov for ein ny sikringsplan for alle einingar. Dette vonar ein kan koma i gang i 2015.

Prioriterte vedlikehald av bygningssamlinga var nytt nevertak på Tveitloftet (arrangert som kurs i samarbeid med RA og Tfk) og vøling vindauge Flekstveitstoga på Kviteseid Bygdetun og nytt tak på stall og vøling av husmannsstoge i Eidsborg. Elles har det vore naudsynt oppfølging av samlingsbygg, kulturlandskap og uteområde. Dei store historiske bygningssamlingane har eit betydeleg etterslep, og det vil vere naudsynt med ei strengare prioritering framover både på kva bygg og kva løysingar ein vel. Prosessen er i gang internt og ein har også byrja dialogen med eigarstyra på dette. Ein prioriteringsplan vart omsøkt Kulturrådet, men er i uvissa på grunn av omlegginga av støtteordninga.

## Forsking

Det er avgrensa kva ressursar VTM sjølve kan setje av til forskingsarbeid. I samband med formidlings- og bokprosjekt vert det gjort viktig innsamlings og dokumentasjonsarbeid, og også forskning.

Viktigaste arbeid i 2014 var:

- revisjon av historia om eidsvollsmannen Talleiv Huvestad. Publisert i utstilling, teikneserie og artiklar.
- Artikkel om bilethoggar Gunnar Utsond i samband med 150-årsjubileet.
- Transkripsjons- og bokprosjekt knytt til dagboksmaterialet etter Ole Blom (1784-1846). Prosjektet går vidare i 2015.

Elles prioriterer me å bistå og leggje til rette for studentar, forskarar og andre som har bruk av vårt materiale. Særskild vart det tilrettelagt mykje fotomateriale og illustrasjonar til verket Telemarks historie som vart lansert hausten 2014.

Ein har ikkje utarbeidd eigen forskingsplan for VTM, men tiltak og prioriteringar vert gjort i den årlege driftsplan.

## Formidling

Besøket hadde 2014 ein samla nedgang frå året før på 12,1%, og 11,2% samanlikna med 2012. Dette trass i ein samla sterk reiselivssommar i regionen. Særskild var der ein svikt i gruppemarknaden i juni, og eit generelt svakt besøk i sommarmånadane. Konkurransen frå badestrendene, svakt tilbod til barn og unge og lite merksemd rundt våre temporære utstillingar vert vurdert som dei viktigaste årsaksfaktorane. Restriksjonar og stenging av Fv45 i mai måned slo også negativt ut. Ein ser ein vidare tendens til at dei mindre museumseiningane stadig har fallande besøkstal.

Nye basisutstillingar dette året:

- Folkekunst fase 3 (tekstil, kniv)
- Telemarken Skifabrikk
- Arbeidshesten
- Oppgradering av utstillinga om Gunnar Utsond
- Oppgradering av utstillinga om Knut Skinnarland

Elles vart det produsert/presentert ei rekkje temporærutstillingar:

- 5 mila - skisportens manndomsprøve. (i samarb. med forf. Thor Gotaas)
- De kalde lekene (i samarb. med forf. Halvor Kleppen)
- Gull i veggane (draktutstilling)
- Stipendutstilling av knivmakar Arne Martin Solbjør
- Lyden av kunst (prod. Nasjonalgalleriet)
- 4 blick – presentasjon av fire målarar i VT i mellomkrigstida
- Eidsvollsmannen Talleiv Huvestad (Grunnlovsjubileet)
- Kufteskogen (strikkekufter)

I samband med Grunnlovsjubileet vart det avvikla ei større markering og utstillingsopning 18.mai. Arrangementet vart gjennomført i samarbeid med den kommunale jubileumsnemnda.

Mange av utstillingane fekk veldig gode tilbakemeldingar, men særskild vil ein trekke fram tekstilutstillinga Kufteskogen som fekk stor merksemd. Utstillinga var basert på medverknad frå publikum og lokalmiljø.

Aktivitetsnivået elles var også høgt i 2014. Det blei halde til saman 153 opne arrangement, 15 konsertar, og 2 skodespel med til saman 3 framsyningar. Dette er ein auke på 11 % frå året før.

Samarbeidet med den kulturelle skulesekken vart styrka dette året. I tillegg til eksisterande opplegg, vart også Talleiv Huvestad sendt ut på turnè til skulane, og to opplegg vart utarbeid og knytt til lokale DKS-tilbod. Tilsaman var 548 elevar gjennom våre DKS-tilbod. Tilsaman var 1059 elevar gjennom eit av våre pedagogiske tilbod dette året. Dette var ein liten nedgang mot året før, men ein langt større andel var med i eit DKS-organisert tilbod.

Den nye heimesida var planlagt lansert i 2014, men dette fekk ein ikkje til grunna eksterne leverandørar. Vår eksisterande side er ikkje tilrettelagt for bruk frå mobiltelefon, og det kan vere årsak nedgangen i besøk på 11 %. Ny heimeside er no snart på plass, og ein er også i kjømda med nye digitale formidlingsløyisingar for smart-telefon og nettbrett.

Plan, strategi og resultatmål for formidling vert årleg rullert og vedteke i driftsplan.

### **Lov om diskriminering og tilgjenge**

Krav til universell utforming og mangfald vert lagt til grunn i planlegging av bygningsmessige tiltak og utforming av utstillingar. Mange av dei gamle utstillingsbygga og dei antikvariske bygningane er likevel ikkje tilrettelagt for alle grupper, og kan heller ikkje bli det utan større og omfattande tiltak. Arbeidet med ny heimeside og multimedial plan legg WAI-standard til grunn.

### **Likestilling**

VTM arbeider for å fremje likestilling og lik løn for likt arbeid og ansvar. Dette reflekterer kjønnsfordeling både mellom dei tilsette og styre. Mellom dei tilsette var det i 2014 37 % kvinner, og i styret er fordelinga 50-50.

### **Immateriell kulturarv**

Vidareføring av handlingsboren kunnskap er framleis vårt viktigaste bidrag til ivaretaking av den immaterielle kulturarv. Viktigaste einskildtiltak i 2014 var det tidlegare omtala kurset i nevertekking arrangert i samarbeid med RA og Tfk. Ved fleire av arrangementa på våre museum er demonstrasjon av handverk ein del av aktivitetstilboda, og dette vert også trekt inn i nokre av dei pedagogiske opplegga.

### **Erklæring frå styret**

Naudsynt vedlikehald er prioritert, og det vert aktivt arbeidd for å finne betre løyisingar og styrke ressursane til dette. Prioriteringsprosess er byrja i dialog med eigarstyre. I samarbeid med Tfk, Vest-



Telemarkrådet og kulturminnevernet vert det arbeidd med ei regional bygningsvernsatsing. Saka vil bli følgd opp i neste rapportering og budsjettsøknad.

### Kommentar til rekneskap og balanse

Årsrekneskapen er meir utfyllande kommentert under kapittel om den økonomiske stoda. Underskotet vert dekt frå eigenkapitalen. Som rapportert om tidlegare er balansen særskild påverka av dei to låna knytt til kjøp av Norsk Skieventyr og Tokke kommune si finansiering av utbygginga i Eidsborg. Revisor gjere nærare greie for dette i sine noter.

Varelageret av bøkar er endra ved at det er gjort ei nedskrivning på 30%. På varelager souvenir er gjort eit ekstraordinær nedskrivning på 10% for ukurans. Varelageret utgjere no kr. 1.480' mot 1.619 i 2013. Dette er også med å påverke resultatet.

Bruttoforteneste på eigen salsvarer er monaleg betra frå 43,6% i 2013 til 51,7% i 2014. Synleggjort som gjeld/ikkje disponerte inntekter ligg også kr. 119' til driftsprosjekt og 910' til investeringsprosjekt (aktivitetsparken), og kr.197' til innkjøp til samlingane.

### Oppsummering budsjettframlegg 2016

#### Omtale planlagt drift 2016 og nytt tiltak

Vest-Telemark Museum har ei etablert drift i tråd med kulturpolitiske føringar og regelverk. Ein kan ut frå våre rammer og føresetnader vise til stor aktivitet og gode faglege resultat, og me opplever å vere ein attraktiv samarbeidspartnar for andre institusjonar og fagmiljø.

Drift for 2016 er hovudsakleg planlagt etter same leist som tidlegare år. Samlingsrevisjonen skal halde fram i tråd med planverk, med overføring av gjenstandar frå mellombelse til kontrollerte magasin, gjennomgang registrering, fotografering og publisering på Digitalt Museum. Innan sikring er trygging av langturen på Åmdals Verk Gruver hovudsak, men det er også behov for ein revidert sikringsplan for alle einingar. For drift og vedlikehald vil det i tillegg til faste driftsoppgåver, bli gjennomført utvalde vølingar på vår bygningssamling. Ein samla plan med prioriteringar for vedlikehald av den antikvariske bygningsmassa er planlagt vedteken dette år. Det er pt ikkje konkrete planar for forskning dette året, men ein er som tidlegare budd på å bistå andre og vere med på å utvikle nye prosjekt. For formidling er ein del av utstillingane bestemt. Ein har målsetjing om å utvikle nye tilbod meir i dialog med publikum og brukarar. VTM skal vidareutvikle våre tilbod med kvalitet og breidde, med målsetjing om å i endå større grad framstå som eit relevant museum for våre brukarar. Innan utgangen av året har ein som målsetjing å ha etablert eit fast tilbod gjennom Kjeldesenteret, og å ha styrka ressursane til vårt eige bygningsvern.

Størst utfordringar for verksemda isolert er innan samlingsforvaltning og bygningsvern. Profesjonalisering av samlingsforvaltninga, høgare faglege standardar og auka krav til digitalt tilgjenge er ressurskrevjande, og det vil ta fleire år før vår pågåande samlingsrevisjon er ferdig. Innan bygningsvern er det også etterslep og store restansar. Det er utfordrande å kunne etablere ei realistisk rullering av vedlikehaldet innan våre rammer, særskild sidan ein som museum ikkje kan få

## Årsmelding 2014

ekstern støtte til særskild krevjande tiltak på freda og verna bygg. Dersom dette ikkje vert endra vil museet måtte gjere strengare prioritering av vedlikehaldet av våre bygningssamlingar, både gjennom val av vedlikehaldsløysingar og ved å definere bygningar ut av samling.

Ser ein vidare på museets samfunnsrolle er likevel situasjonen for privatarkiv i regionen den største utfordringa. Eit viktig arbeid er utført på prosjektbasis seinare år, og etter fleire års arbeid ser det no ut at ein kan få ei løysing for feltet:

Ein viser til tidlegare rapporteringar, og budsjettsøknadar frå Norsk Industrierbeidermuseum og Telemark Museum.

Telemarksarkivet er eit samarbeid mellom Telemark fk og dei tre konsoliderte musea i Telemark – Vest-Telemark Museum, Norsk Industrierbeidermuseum og Telemark Museum. Føremålet er å bevare og formidle historiske arkiv frå privat sektor.

Nettverket Telemarksarkivet er utvikla innan prosjektet Privatarkiv i Telemark (PRAKT) i perioden 2013 - 2014, med støtte frå fylkeskommunen. Prosjektet er vidareført i 2015, og det blir arbeidd med å få på plass ei varig løysing for privatarkiv i fylket finansiert med tilskot frå fylke, stat, kommunar og musea sjølve.

Fram til i dag har arkiv frå privat sektor i Telemark blitt ivareteke av museum, historielag og andre med interesse for historisk materiale, men med svært avgrensa ressursar og utan at arbeidet har vært samordna og kvalitetssikra. Musea i Telemark oppbevarer store mengder historiske arkiv, men det har blitt drive lite systematisk innsamling. Resultatet er eit skeivt og lite representativt samfunnsminne.

Vidare utvikling og forståing av verdensarvstadene Notodden og Rjukan men også dei spesielt anerkjente dokumenta under Noregs Dokumentarv, vil kunne bli viktige arbeidsområde for Telemarksarkivet.

Privatarkivløysinga føretset 7 nye stillinger fordelt på dei tre musea. Kombinert med musea sine andre ressursar – bevaringsrom, lesesalar og utstillingsfasilitetar – vil Telemarksarkivet vere godt utstyrt for å utvikle ei koordinert og felles arkivteneste for Telemark.

For Stiftinga Vest-Telemark Museum

Eidsborg 25.02.2015

Lars Bjaadal, styreleiar

Terje Haugen, nestleiar

Ingerid Hayes, styremedlem

## Årsmelding 2014

Johannes Skarprud, styremedlem

Hege Jonassen Verpe, styremedlem

Tilman Hartenstein, tilsettes representant